

Saksbehandlar: Signe Gudveig Rauboti, Fylkesrådmannen
 Sak nr.: 18/9731-2

Klage som gjeld avslag på søknad om ny avkøyrslø frå fv. 393 - gbnr. 75/10 - Fjaler kommune

Fylkesrådmannen rår fylkesutvalet som klagenemnd til å gjere slikt vedtak:

Fylkesutvalet som klagenemnd tek ikkje klagen til følgje.

1. Oversending av klage på avslag til avkøyrslø
2. Klagesak avkøyrslø fv. 393 (bilete)
3. Klagesak avkøyrslø fv. 393 (bilete motsett retning)
4. Krav til utforming av avkøyrslø

Andre relevante dokument i saka:

Håndbok N100 Veg- og gateutforming:

https://www.vegvesen.no/attachment/61414/binary/964095?fast_title=H%C3%A5ndbok+N100+Veg-+og+gateutforming+%288+MB%29.pdf

Håndbok V121 Geometrisk utforming av veg- og gatekryss:

https://www.vegvesen.no/attachment/75045/binary/1008055?fast_title=H%C3%A5ndbok+V121+Geometrisk+utforming+av+veg-+og+gatekryss.pdf

SAKSFRAMSTILLING

1. Bakgrunn for saka

Eigar av gards- og bruksnummer (gbnr.) 75/10 i Fjaler kommune, Stian Røstenskar Strand (grunneigar/Strand), har søkt om å få etablere ny avkøyrslø frå fv. 393 til eigedomen sin, for å lette tilkomsten særleg vinterstid og elles ved mykje regn. Ifølgje grunneigar gjer innkøyrsvinkelen/ane på tilkomstvegen at farten må seinkast før ein skal opp ein bratt- og om vinteren glatt bakke. Når det er glatt, og evt. vått, skriv klagar at han må rygge ut igjen i vegen før han kjem seg opp vegen og inn på eigedomen. Den omsøkte avkøyrsla vil gje Strand ein veg med betre stigningstilhøve, ein fin vinkel opp på tunet, og vil vere så brei at han får ein tilstrekkeleg vinkel inn i vegen i begge retningar, noko som vil gjere utkøyringa så trygg som råd.

Regionvegkontoret (Vegvesenet) handsamar søknader om avkøyrslø frå fylkesvegar, jf. veglova § 40. FU som klagenemnd er klageinstans for Vegvesenet sine vedtak, jf. forvaltningslova § 28.

Historikk - tidlegare vedtak

Grunneigar søkte om å få etablere ny avkøyrslø til eigedomen sin 13.9.2018. Vegvesenet avslo søknaden 7.11.2018 etter å ha vore på synfaring 23.10.2018. Strand klaga på avslaget den 21.11.2018, innan klagefristen, og klagesaka vart sendt til fylkeskommunen 20.12.2018.

Sentrale problemstillingar

Etter veglova § 40 må avkøyrslø frå fylkesveg ikkje byggast eller nyttast utan løyve frå regionvegkontoret. I vurderinga skal vegstyresmakta legge vekt på framkome og trafikktryggleik på vegen det er søkt om avkøyrslø frå, jf. mellom anna føremålsføresegna til veglova. Vegvesenet har fastsett krav til utforming av avkøyrslø, sjå vedlegg 4. Kravet til stoppsikt på side- og tilkomstvegar med fartsgrense 80 km/t er 100 meter, jf. Vegvesenet si Håndbok N100, «Veg- og gateutforming», og Håndbok V121, «Geometrisk utforming av veg- og gatekryss».

Bakgrunnen for søknaden er ifølgje grunneigar at avkøyrsla er så bratt at han må rygge ut att i fylkesvegen og ta fart for å kome seg opp avkøyrsla når det er glatt. I klaga skriv grunneigar at tilkomsten også er problematisk i sommarhalvåret ved høg regnføring og dårleg ver. Det renn vatn frå avkøyrsla og ut i fylkesvegen både sommar og vinter.

Ei ny avkøyrslé vil ifølgje grunneigar halvere stigningsgraden samanlikna med eksisterande avkøyrslé, som har ei stigningsgrad på 20 % frå hovudveg og opp til tunet. Den nye avkøyrslé vil ifølgje grunneigar skape betre tilkomst til tun og hus, og ha dagens standard med helling frå vegskulder, slik at eventuelt overflatevatn renn vekk frå vegen og ned i kum. Ved etablering av ei ny avkøyrslé vil eksisterande avkøyrslé verte stengt eller fjerna.

Den nye avkøyrslé er søkt etablert om lag 30 meter søraust for eksisterande avkøyrslé. Avgjerande for Vegvesenet sitt avslag på søknaden er at det vert dårlegare sikttilhøve med den omsøkte plasseringa. Under oppmåling på staden kom Vegvesenet fram til at dersom ein står i vegkanten der ny avkøyrslé er søkt plassert, kan ein oppnå ein sikt på 60 meter i retning Steiestøl. Dersom ein måler siktavstanden frå fire meter inn i avkøyrslé, slik krava er, vert sikta kortare.

Fartsgrensa på fylkesvegen er 80 km/t, men både klagar og Vegvesenet er samde om at den reelle farten på strekninga er lågare. Strand meiner at reell fart er mellom 45-55 km i timen, og at krava til siktzone derfor vil kunne senkast. Vegvesenet legg i si vurdering til grunn at reell fartsbruk er lågare enn 80 km/t, men at farten sannsynlegvis er lågast for dei som kjem frå fv. 57, sidan dei har bremsa ned i samband med krysset mellom fv. 57 og fv. 393.

Sjølv med den lågare fartsbruken, legg Vegvesenet til grunn at sikta vert for kort. Det er særleg i motsatt retning av krysset, i retning Steiestøl, at den korte sikta er problematisk, sidan den nye avkøyrslé er ønskt plassert nærare ein sving i den retninga. På vegen frå Steiestøl er det slak nedoverbakke, og sannsynlegvis noko lenger stoppetid for køyrande. Eksisterande avkøyrslé er nærare krysset mellom fv. 57 og fv. 393, og har kortare sikt den vegen. Vegvesenet vurderer det som sannsynleg at farten er lågast i den retninga, og at det er betre at sikta er for kort i den retninga enn i retning Steiestøl.

Strand har fått samtykke frå nabo til å gjere enkle inngrep på naboeigedomen for å betre sikttilhøva. Vegvesenet har vurdert det som utfordrande å betre sikta på grunn av eksisterande bygningar og infrastruktur i retning Steiestøl.

Den nye avkøyrslé er tenkt plassert nær ei avkøyrslé på naboeigedomen, gbnr. 101/177, i retning Steiestøl. Vegvesenet har i si avgjerd lagt vekt på at det ikkje er ønskjeleg med avkøyrslé rett ved sidan av kvarandre, fordi veggrensene flyt ut og hovudvegen vert mindre tydeleg.

Grunneigar har også spelt inn ei anna mogleg plassering av avkøyrslé noko lenger nord. Vegvesenet skriv i si handsaming av klagen at andre plasseringar av avkøyrslé er vurdert, utan at dei kom fram til noko betre løysing, og at det ved innmåling av siktsona på den nye skissa ikkje er teke omsyn til kravet om at sikta skal målast frå fire meter inn i avkøyrslé. I tillegg er siktsona målt fram til utanfor fylkesvegen, og ikkje der sjåføren er plassert når han køyrer på fylkesvegen.

Vegvesenet konkluderer i si vurdering med at eksisterande avkøyrslé samla sett er betre gjennom heile året.

2. Vurderingar og konsekvensar

Rettslege konsekvensar

Myndet til å gje løyve til nye avkøyrslé som ikkje er regulerte i plan ligg til regionvegkontoret, her Statens vegvesen Region vest.

Den omsøkte avkøyrslé er planlagt utforma slik at den tilfredsstillar Vegvesenet sine krav til utforming. Eksisterande avkøyrslé gjer ikkje det. Det er den omsøkte avkøyrslé si plassering som er utfordrande, fordi den ikkje tilfredsstillar Vegvesenet sine krav til sikttilhøve på denne typen veg, nærare bestemt stoppsikt for bilar som passerer på fylkesvegen. I vurderinga av om ei avkøyrslé skal tillatast skal vegstyresmakta legge vekt på framkome og trafikktryggleik på vegen

det er søkt om avkøyrslø frå. Fylkesrådmannen vurderer omsynet til gode sikttilhøve på vegen som noko meir tungtvegande enn krava til utforming av sjølve avkøyrsla, sjølv om dei ulike krava på mange måtar er samanfallande og skal støtte dei same behova og omsyna.

Fylkesrådmannen har vurdert vedlagte kartskisser og bilete av vegen, og stiller seg ut frå desse bak Vegvesenet si vurdering i saka. Den omsøkte plasseringa betyr at avkøyrsla vil kome etter ein sving, og der sikttilhøva ikkje vil tilfredsstillе krava i Vegvesenet si handbok om veg- og gateutforming. Fylkesrådmannen vurderer det som sannsynleg at bilane kjem med større fart frå retninga Steiestøl enn frå fv. 57, sidan bilane som kjem derifrå vil ha senka farten i samband med krysset. Ulempene med dei dårlegare sikttilhøva ved den omsøkte avkøyrsla veg etter fylkesrådmannen si vurdering samla sett tyngre enn ulempene med eksisterande avkøyrslø vinterstid og når det er mykje regn.

3. Konklusjon

Verken eksisterande eller omsøkt avkøyrslø tilfredsstillер Vegvesenet sine siktkrav. Grunneigar opplever å ha ein utfordrande tilkomstveg når det er glatt føre eller ved mykje regn.

Ulempene med dei dårlegare sikttilhøva året rundt ved den omsøkte avkøyrsla veg etter fylkesrådmannen si vurdering samla sett tyngre enn ulempene med den eksisterande avkøyrsla.

Fylkesrådmannen tilrår såleis at fylkesutvalet som klagenemnd ikkje tek klagen til følge.